

UTBYGGINGSAVTALE (20.05.2010, rev 19.09.20)

KOMMUNEDELPLAN: NØRDALEN
KNYTT TIL REGULERINGSPLAN FOR H 60
GNR 158 BNR 1

Mellom LANGSÆTRANE SAMEIGE, heretter kalla utbyggjar og Fjord kommune, er det inngått følgjande avtale:

1. Føremål:

Føremålet med utbyggingsavtalen er å bygge- og drifte nødvendige fellestiltak for ”grøn” infrastruktur innanfor eigen regulerings-/bebyggelsesplan samt nødvendige fellestiltak utanfor reguleringsområdet.

Tiltaka er også meint å kome hytteigarane direkte til gode gjennom bidrag som sikrar ein velfungerande organisasjon for vedlikehald av fellestiltaka.

Almenta skal ha tilgang til fellestiltaka i denne avtalen på same vilkår som hytteeigarane.

2. Aktuelle fellestiltak:

Følgjande fellestiltak kan omfattast av denne utbyggingsavtalen:

- Utbygging og drift av skiløyper, turstiar, badeplassar, akebakkar, leikeplassar skianlegg, tilrettelegging for mennesker med nedsatt funksjonsevne, samt tiltak for tryggleik i fjellet.

Grunnlagsinvesteringar som veg, vatn, straum, avlaup og lignende vert ikkje å rekne som fellestiltak i utbyggingsavtalen.

3. Kostnader/økonomi:

Til finansiering av fellestiltak som nemnt under pkt 2, skal utbyggjar betale eit fast beløp for kvar tomt/leiligheit som vert selt/bortfesta.

Kr 20.000,- i sone I og kr 40.000,- i sone II pr tomt.
If kart med soneinndeling, datert 15.02.2009.

Det vert gjeve fritak for næringsareal og areal til forsamlingslokaler og lignende dei neste 5 åra — perioden 2010 — 2015. Ener fritaksperioden er det fylgjande som ligg til grunn:

- For tomter eller deler av eigedomar som skal regulerast/nyttast til næringsareal som t.d. kafeteria, hotel, pensjonat, varme senger skal beløpet sin storleik reknast ut ifra bruksareal (T-BRA). Beløpet vert sett til kr 145,- i sone I og kr 285,- i sone II pr m2.

Fjord kommune kan indeksregulere alle beløp etter endringar i konsumprisindeksen kvart 3.ar og første gong pr 01.01.2013, basis januar 2010.

4. Innbetaling og forvaltning av midlar til fellestiltak:

Innbetaling av eingongsbeløp ved sal eller feste av tomter i planområdet skal skje før kommunen godkjenner frådelling.

Innbetalinga skal skje til Fjord Kommune på eigen konto oppretta til dette føremålet. J f pkt 6.

For tomter som alt er fradelt, men der utbyggjar franleis star som eigar skal innbetaling skje så snart tomta vert selt til-/tinglyst på ny eigar.

Den nemnd/lag/organisasjon som skal stå for organiseringa av anlegg- og drift av fellestiltaka skal forvalte midlane som er innbetalt etter denne avtalen.

5. Kommunen sine plikter:

Ved undertekning av denne avtalen pliktar kommunen å handsame innkomne planforslag- og gjennomføre/godkjenne frådelingar i h.h.t. planen utan ugrunna opphald.

Fjord kommune har som hovudregel ingen økonomiske plikter i høve utbygging- og drift av tiltak som vert omfatta av utbyggingsavtalen, likevel slik at kommunen kan delta i finansiering/drift av anlegg som har stor betydning for lokalsamfunnet etter nærare vurdering i fonrmannskapet/kommunestyret.

For det som spesielt gjeld drift av fellestiltak/anlegg, t.d. løypeoppkøyring, vil kommunen i ein 5 årsperiode f.o.m. 2011, innbetale eit årleg beløp tilsvarande det samla beløp noverande og ev nye hytteigarar årleg innbetalar til slik drift. Jf ordninga som Fjellservice i dag har for slik innbetaling frå private.

Det kommunale tilskotet er likevel begrensa oppad til kr. 1 50.000,- pr år.

6. Organisering:

For å kunne organisere arbeidet med anlegg- og drift av nemnde fellestiltak, og for på best mogleg måte å kunne forvalte tilgjengelege midlar, vert det oppretta ei nemnd med representasjon fra kommune, grunneigarar og aktuelle lag/organisasjonar til å stå føre dette/ev kome med tilråding til gjennomføring av aktuelle grøntstrukturiltak både kva gjeld anlegg og drift.

1 representantar oppnemnd av kommunestyret

2 representantar oppnemnd av grunneigarane

1 representantar oppnemnd av Øvre Stordal Vel
1 representantar oppnemnd av Stordal Idrottslag

7. Endring av avtalen:

Endring av inngått avtale kan berre skje ved skriftleg inngåing av ny avtale. Avtalen gjeld inntil ny avtale ligg føre.

Partane er innforstått med at kommunen si reguleringsmynde/handsaming av igongsetjing ikkje kan/skal bindast. Plan- og bygningslova går føre denne avtalen.

Utbyggjar plikter a varsle kommunen før overdraging/sal av eigedomen som er bunden av denne avtalen. Kommunen kan nekte slik overdraging ved sakleg grunn.

8. Misleghald av avtalen:

Brot på vilkåra medfører at Fjord kommune kan nekte å dele frå tomter innan planområdet.

9. Verknadstidspunkt og signering:

Under føresetnad av at kommunestyret godkjenner avtalen skriv ordførar under på vegne av Fjord kommune. Avtalen gjeld frå kommunestyret si godkjenning.

Dato: 24/9-20

Eiv Sørvik

Utbyggjar

Dato: 24/9-20

Eiv Sørvik

Fjord kommune

Vedlegg: Kart med soneinndeling, datert 15.02.2009.

Revidert 19.09.20: Oppdatering frå Stordal kommune til Fjord kommune.